


# SOKNERÅDET SIN ÅRSRAPPORT 2015 for



## KYRKJELYDEN I VIKEBYGD

### Kyrkjeleg organisasjon:

Vikebygd sokn tilhøyrrer Vindafjord Fellesrådsområde, i Haugaland prosti av Stavanger Bispedømme.

Informasjon om arrangement og kyrkja vert lagt ut på internett-adressa: [www.vikebygd.org](http://www.vikebygd.org) .

Kyrkjelydane i Vindafjord samarbeider om å gje ut kyrkjelydsbladet 'Hyrdingen' der det er informasjon også frå Vikebygd. Bladet kjem gratis til alle husstandar. I redaksjonskomiteen er det medlemmer frå heile prestegjeldet. Vikebygd er representert med både Steinar Skartland og Jens Tveit med i redaksjonsnemnda.

Soknerådet hadde fram til oktober 2015 4 ordinære møter, og handsama i alt 13 saker. Årsmøte for kyrkjelyden vart halde 02.mars kombinert med kyrkjekaffi.

I november 2015 tok det nye soknerådet for Skjold og Vikebygd til. Det har vore ein god start på rådet der ein mellom anna har kome i gang med å setje ned ulike utval. Rådet har handsama 8 saker i 2015

### REPRESENTANTAR I SOKNERÅDET FRAM TIL OKTOBER VAR:

- |                         |                                    |
|-------------------------|------------------------------------|
| - Brit Nelly Ness Tveit | - Leiar, medlem trusoplæringsnemnd |
| - Rolf Alne             | - Nestleiar, medlem diakoninemnd   |
| - Øyvind Valen          | - Sekretær, medlem strukturnemnd   |
| - Dag Hans Nagel- Alne  | - Representant i Fellesrådet       |
| - Jarle Årvik           | - Medlem                           |
| - Hilde Stene Bauge     | - Medlem                           |
| - Jon Ådnøy             | - Sokneprest                       |
| - Geir Vaarvik          | - 1. varamedlem                    |

### REPRESENTANTAR FRÅ OKTOBER:

Brit Nelly, Ness Tveit, Dag Nagel Alne og Øyvind Valen. Varamedlemmer er Aud Jorunn Tordal, Linda Langeland og Lina Fisk Eide.

### VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD.

Fellesrådet har ansvar for bygg, eigedomar og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Representant frå Vikebygd var Dag Hans Nagel-Alne med Brit Nelly Ness Tveit som varamann. Frå oktober har Øyvind Valen vore medlem med Dag Nagel-Alne som varamedlem.

### ANDRE NEMNDER OG KONTAKTAR:

#### Diakoniutval:

Rolf Alne

#### Trusoplæringsutval:

Kjersti H. Bjerga (leiar), Ingrid Martilde Sørvåg og Brit Nelly Ness Tveit.

FUT ( Trusoplæring i Vindafjord):Ingrid Matilde Sørvåg med Kjersti Bjerga som varamedlem

#### Gudstenesteutval:

Brit Nelly Ness Tveit, Ingrid Matilde Sørvåg og sokneprest

Arbeidsgruppe vedlikehald av kyrkja: Dag Nagel Alne, Rolf Alne og Arne Tveit

**Andre tenester:** Kyrkjetenar på sundagane er utført på dugnad også dette året. Det er gjort avtale med kyrkjevevje på at kyrkjelyden får utbetalt pengar for arbeidet. Soknerådet får til saman kr 25.000. I tillegg stiller soknerådet med ein ubetalt friviljug medliturg på sundagsgudstenestene

## **STRATEGIPLAN 2010 – 2015:**

Soknerådet vedtok i 2010 ein strategiplan som skal vera retningsgjevande for arbeidet vårt fram til 2015. Soknerådet si prioritering dette året har vore:

- a. **Trusopplæring** gjennom eiga trusopplæringsnemnd, lokalt og saman med andre sokn. Sokneprest har hatt ansvar for oppfølging av konfirmantane og konfirmantopplæringa. FUT har hatt ansvar for resten av trusopplæringa saman med trusopplæringsutvalet. I 2015 har soknerådet og trusopplæringsutvalet hatt ansvar for opplegg for fireåringane i samband med ein «sprell levande-gudsteneste», overnatting i kyrkja og utdeling av bibel til 11-åringane, weekend for både 11-åringane og for konfirmantane og dåpskulen for fyrsteklasse ( fire samlingar og ein gudsteneste)
- b. **Diakonalt arbeid** gjennom eiga diakoninemnd. Utvalet si hovudoppgåve er å gje blomehelsing til medlemmer på 80 og 90-årsdagen.
- c. **Vedlikehald av kyrkjebygget**, gjennom eiga nemnd som har følgd opp ekstraordinært vedlikehald. Dette er fellesrådet sitt ansvar, men soknerådet har også dette året vore ein pådrivar. I 2015 er det satt opp gjerde i parken, samt rydda skog. I tillegg er det godkjent søknad om løyve til å bygga eit universelt tilgjengeleg toalett ved inngangen til kyrkja. Midlar til dette er garantert frå Bakkevig-fondet, samt Vindafjord kommune har løvd kr 50 000. Arbeidet skal utførast i 2016.
- d. **Forholdet til nabosokna.** I starten av 2015 ga Kyrkjerådet løyve frå til ei prøveordning med felles sokneråd neste valperiode. Ved valet hausten 2015 blei det difor berre valt 3 medlemmer frå Vikebygd til nytt felles sokneråd med Skjold.
- e. **Forholdet til, og samarbeidet med, Vikebygd** bedehus og organisasjonar. Med få gudstenester i Vikebygd har det også dette året vore viktig å byggja kristenlivet i bygda opp om eit fellesskap kyrkje – bedehus. Det har ikkje vore formelle samarbeid dette året.

## **Kyrkjemusikk:**

Soknerådet arrangerte julekonsert saman med lokale krefter i desember 2015

## **Andre viktige tilbod innan trusopplæring i Vikebygd:**

**Laurdagsklubben** ("søndagsskulen").

Tilbod til born i alderen 4-10 år. (ca. 10 barn i alderen 4- 12 år)) Hovudleiar er Kjersti Hausberg Bjerga, saman med Jone Bjerga og Steinar Skartland.

## **KFUK-KFUM Speidarane**

Speidaren hadde 57 medlemmar frå 8-17 år. Leiarar for småspeidarane er Inger Marie Bjerga, Ola Harald Alne, Inger Katrine Sundve og Alfred Trovåg. Leiarane i storspeidarane har vore Håvard Tveit, Iselin Tveit, Sunniva Tveit og Johannes Skartland

Speidarane har møte om onsdagane, og i tillegg har dei fleire helgaturar, mellom anna var småspeidarane leir på Blikshavn i mai

<b>GUDSTENESTER</b>	<i>Ant.</i>	<i>Gj.snitt deltaking</i>	Deltaking i alt
Døpte:	2 (7)		
Vigslar:	2 (3)		
Gravferder:	7 (8)		
Forordna gudstenester (A)	17 (15)	76 (77)	1299 (1162)
Gudstenester med nattverd - nattverdsgjestar	3 (4)	23 (21)	70 (94)
Familiegudstenester (inngår i A)	6 (4)	125 (72)	755 (288)
Gudsteneste for skulen:	1		91
Konfirmantar våren 2014	11 (4)		
Innmeldingar / utmeldingar	2 ut		

Statistikken viser lita endring frå år til år. Tala viser at me har godt framføre på gudstenester der me involverer mange, slik som t.d. "sprell levande" og ljosmessa, samt sjølvsgatt tradisjonsgudsteneste julafta, 17. mai og konfirmasjon.

#### **MISJON:**

Soknerådet har, til liks med Skjold sokneråd, gjort avtale med Stefanusalliansen om misjonsprosjekt knytta til deira lokale arbeid i Egypt. Informasjon om dette er gitt ved eige arrangement og i gudstenesta. Etter offer og ved eige arrangement er det sendt kr.10 876 (15.861) til prosjektet.

#### **FORHOLD TIL ANDRE SOKN**

Soknepresten vår er sokneprest for Skjold og Vats i tillegg til Vikebygd. Det har vore to felles samlingar med sokneråda i Vats og Skjold.

FUT, Felles Trusopplæring for Vindafjord, har også dette året vore viktig for at Vikebygd kan lukkast med å få til målretta og god trusopplæring for alle døypte 0-18 år.

#### **ØKONOMI**

Soknerådet sin rekneskap blir ført av kommunekassa via kyrkjevevja. Soknerådet har tilfredstillande økonomi, men det er verdt å registrera at soknet er avhengig av dugnad på kyrkjetenarjobben for å gå med overskot. Driftsoverskotet for 2014 er 27.041 kroner. Dette gir ei «fri» behaldning på kroner 178.990 kroner. I tillegg har soknemøtet tidlegare sett av kr 90.000 til kyrkjevedlikehaldsfond.

#### **Offer/Innsamling:**

Kronebeløp: (2014)

Talet på offer /innsamling i alt:		Kr 57 462	(63.283)
Tal på offer til kyrkjelydsarbeid:		Kr 6.260	(4.876)
Innsamla beløp i fasteaksjonen:		Kr 12 096.	(Kr 11 453)

**Soknerådet ynskjer å rette ein takk til alle som stiller opp og er positive til kyrkjelydsarbeidet i bygda.**